



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgner, 5764 3079

## Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 150/1 og 150/2 - Storoksa

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 4 på gnr. 150 bnr. 1 og bnr. 2 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 1200 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gje tilgang til totalt 450 dekar, der 400 er produktivskog. Det er opplyst å gje tilgang til 15000 kubikk med hogstmoden skog. Det er også 30 dekar med jordbruksareal. Interesser i vegen er opplyst å vere 80 prosent skogbruk og 20 prosent jordbruk, totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* § 3-1, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vei framføring*»

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdier som vert råka av dette veganlegget. Vi har også vurdert landbruksinteresser. Vi har ingen merknader til dette veganlegget.

Med helsing

Martin Søgner  
rådgjevar